



\* Det nye og lokale bluesbandet TightRope frå Sunnmøre opna konsertprogrammet på laurdagen. Medlemmar i bandet er Knut Arve Eilefset (vokal), Bottolf Lødemel (keyboard), Roberth Lien (trommer), Dan Aasebø (gitar) og Arne Moe (bass).



\* Den unike bluesfestivalen er arrangert på Trandal og Christian Gaard sidan 2008.



\* Festivalvêret var ikke heilt optimalt, og det vart difor sett opp ei stor pressning over golvet framfor scena.



\* Ivonne Kroken Ekremseter og Lenita Storeide tenker det er kjekt å vere med å arrangere Trandalblues på Christian Gaard.

**Høg kvalitet på musikk og vertskap i fantastiske omgivnader sette publikum i ei heilt spesiell festivalstemning på Trandal.**

Bluesmusikk med vakre tonar i regn og blågrått landskap høyrer kanskje godt saman, men arrangørene kunne nok ha tenkt seg at vêrgudane spelte litt meir med på notane under Trandalblues-festivalen i helga. Likevel tok 450 publikummarar turen til Trandal og Christian Gaard fredagskvelden, og på laurdagen kom over 300. Rundt 30 frivillige var i sving under festivalen som er eit samarbeidsprosjekt mellom arrangørane Bratt og Blått og Christian Gaard.

#### Årets høgdepunkt

Lenita Storeide frå Christian Gaard er godt nögd med årets festival.

– Dette er årets høgdepunkt, og er alltid like spennande for oss på

førehand. Vi legg ned mykje arbeid. Når vi ser at folk kosar seg og har det fint gjer dette det verkeleg verdt al arbeidet, smiler ho. Festivalen vert i år arrangert for niande gong, og arrangørene har med dette opparbeidd seg solid erfaring, seier ho.

– Mykje planlegging, organisering og logistikk ligg bak, mykje fordi vi held til her på Trandal. For så få alt til til godt krev det litt innmars med båttransport, folk i sving her og tilrettelegging for artistane. I år har vi særleg lagt vekt på at skyssen skal fungere godt, og at det skal vere minimalt med ventetid for folk. Dette har vore ei av dei største utfordringane dei siste åra, og vi tenker han fungert godt i år, seier Storeide, som rosar det gode samarbeidet dei har med Bratt og Blått.

– I tillegg er innsatsen frå Røde Kors unnverleg, seier ho.

Storeide fortel at dei legg stor vekt på kvalitet i dei musikalske bidraga under festivalen.

– Artistane er kanskje ikkje dei største namna for «mannen i gata», med det er utruleg dyktige musikarar. Dette er eit kriterium festivalen har sett for seg sjølv. Vi skal ha kvalitet på musikarar og lyd, forklarer ho.

#### Stemninga og staden

Trass eit noko trasig festivalvêr med regn laurdag kveld, såg publikum ut til å kose seg.

– Eg synest det er veldig flott her. Utruleg god stemming, mykje god musikk og kjekke folk, seier festivaldeltakar Hanne Britt Dimmen. Ho er på Trandalblues for fyrste gong, men har vore her på countryfestival tidlegare. Musikken set ho stor pris på.

– Eg er veldig glad i blues, og har vaks opp med eldre sosken og foreldre som har vore glade i denne sjangeren. Så dette er positiv musikk for meg, forklarer ho.

Dimmen fortel at ho kom til festivalen på grunn av stemninga og staden.

– Det er ikkje noko stort og upersonleg lokale her, det er koseleg og



\* 53 år gamle Roald Jungård frå Alta vann Bratt og Blått prisens 2016, for stor dugnadsinnsats for Trandalblues.

ein ser at her er folk som har lagt stor omtanke i å lage det koseleg for folk, seier ho, og tenker at det difor ikkje gjer noko at det regnar denne kvelden.

– Her er koseleg uansett, smiler ho.

Ola Myrseth, Henning Nydal og Halvard Kron tenker også at stemninga gjer det verdt å ta turen til Trandalblues.

– Og sjølvagt også musikken. Det siste åra har arrangøren delt ut ein heiderspris, Bratt og Blått-prisen, i samband med festivalen. I år gjekk denne til Roald Jungård (53) som har stått på for festivalen over fleire år.

– Dette er veldig hyggeleg, ei overrassing, men også ei anerkjening for det dugnadsarbeidet og har vore med på, seier prisvinneren. Jungård har bidrige med mediedekning og profilering av festivalen i seks år. – Eg har tatt biletet, og drive med profilering på Facebook og nettet, forklarer han. Jungård, som kjem frå Alta, tenker festivalen er Noregs vakraste. – Her er folk som kjem frå Alta, Røyken og Oslo berre for å vere med på festivalen, og dette er på grunn av stemninga, naturen, og sjølvagt musikken. Festivalen leverer kvalitetsmusikk. Ein treng

ikke å kjenne til artistar. Ein kan kjenne til artistar, men veit aldri kva som kjem. Ein veit at programkomiteen har plukka ut god musikk, forklarer han. Prisvinneren jobbar som flyteknikar i SAS, og har fotografering og media som hobby. – Eg har altid vore interessert i blues. Det er vogg til musikken. Ingen blues, ingen rock and roll. Dette her er så nære ein bluesfestival som det er mogleg, og det er dette som gjer Trandalblues genuint, seier han.

✉ KASPAR F. SELVIK



\* Amerikanske Adam Douglas, som har budd i Noreg sidan 2007, spelte til stor entusiasme frå publikum.



\* Ola Myrseth (frå venstre), Ellen Nydal, Henning Nydal og Halvard Kron synest stemninga er det beste med Trandalblues.

# God stemning på Trandalblues

